



Arkivnr: 2014/10441-46

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 391 mill. kr

Samandrag

Eit sertifikatlån på 391 mill. kr skal fornyast den 18. september. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 6-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 391 mill.kr vert refinansiert med eit 6-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets. Renta er 1,738 % fram til 18.03.2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.09.2014

Eit sertifikatlån på 391 mill. kr har forfall 18. september. Renta har vore 1,71 % siste 6-månaders perioden.

Fylkeskommunen har for tida 7 sertifikatlån. 4 av dei har forfall i løpet av september. Sjølv om ein vanlegvis får lågast rente på 3-månaders lån, kan det vere ønskjeleg med noko spreiding i løpetider. Det er ikkje gunstig å ha for mange lån som må fornyast i desember. For lånet som no skal fornyast, har ein bede om tilbod på 6 månader og alternativt 12 månader.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod den 16.09.2014:

	6 mnd.	12 mnd.
DNB Markets	1,738 %	1,798 %
Nordea Markets	1,780 %	1,820 %
SEB Merchant Banking	1,780 %	1,870 %
Danske Bank Markets	1,790 %	1,850 %

DNB Markets har lågast tilbod både på 6 og 12 månader.

Skilnaden mellom 6 og 12 månader er 0,06 %. Renteprognoane for det næraste året ligg heilt flatt. Om dette slår til, skulle ein forvente å få same rente om 6 månader. Dette talar for å ta opp eit 6-månaders lån.

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets om 6-månaders sertifikatlån til 1,738 % rente.